

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.08.2015  
Vår ref.: 2015/177-13  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: «REF»

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Varsel om utfylling av areal i sjø innenfor godkjent regulert område - gnr 1 bnr 58, 171, 193 m fl. på Flatøy - Meland kommune**

Viser til e-post datert 26.06.2015 med varsel om utfylling av ovanfor nemnde areal i sjø og tidlegare korrespondanse i saka. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi som vert direkte råka av tiltaket. Likevel er det kjent fleire automatisk freda kulturminne på land og på sjøbotnen i nærområdet. Bergens Sjøfartsmuseum vurderte difor i e-post datert 06.01.2015 behov for marinarkeologiske registreringar i tiltaksområdet. Registreringar vart gjennomført 07.07.2015. Konklusjonen frå undersøkingane er at det ikkje vart gjort funn som omfattast av § 14 i kulturminnelova (skipssfunn eldre enn 100 år). Det vart derimot gjort nokre lausfunn. Desse vart fjerna frå det aktuelle området og skal difor ikkje hindre for arbeid i tiltaksområdet. Undersøkningsplikta etter § 9 i kulturminnelova vart oppfylt, og Bergens Sjøfartsmuseum har ingen vidare merknader til tiltaket.

Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavaren er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

David Aasen Sandved  
fungerande fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*